

Anders Olav Dale  
Alver Idrettsråd

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/5000 - 21/44342

Saksbehandlar:  
Hans Kristian Dolmen  
hans.kristian.dolmen@alver.kommune.n  
o

Dato:  
23.06.2021

## Kommunedelplan Helse, sosial og omsorg - Invitasjon til deltaking i referansegruppe

Hei!

Alver kommune er godt i gang med arbeidet for å lage kommuneplanens samfunnsdel for den nye kommunen vår. Innholdet i samfunnsdelen er kort sagt val av mål og strategi for kva retning vi saman vil prøve å gå og kva verkemiddel vi skal prøve å nytte for å kome dit. Grunnlaget for plan har mellom anna skjedd ved ulike typar medverknad sidan september i fjor og like over sumaren vil framlegg til plan bli lagt fram for politisk handsaming.

Samstundes gjer Alver kommune arbeid med kommunedelplan for «Oppvekst» og «Helse, sosial og omsorg». I dette arbeidet skal vi ha med oss mål og strategiar frå samfunnsdelen som er viktige for tenestene og fagleg utvikling. Føremålet er fylle desse målformuleringane med innhald som gjer at vi framleis kan levere gode tenester og saman utvikle tettstadar og nærmiljø.

Ein har ønskje om å gjere synleg ein raud tråd frå kunnskap om fag, tenester og nærmiljø, gjennom saman å lage plan og verktøy til å gjennomføre tiltak og handlingar som kan styrke livskvalitet og nærmiljø.

I prosessen med å få til dette er det både pålagt og naturleg å involvere mange og ulike delar av fagområde, innbyggjarar samt lag og organisasjonar. Vi ønskjer difor og invitere til deltaking i det som vert kalla referansegruppe i arbeidet. Det kan vere fleire slik grupper og føremålet er på ulike vis og mellom anna:

- Bidra fagleg
- Høyring på tidleg stadium, er vi på rett veg?
- Avklare forventningar
- Ha ein god dialog

Vi ønsker å sikre medverknad frå ulike råd og brukarorganisasjonar. Vi melder difor frå til aktuelle om at dei vil få tilsendt invitasjon til referansemøte etter sommarferien og at dette truleg vert gjennomført i løpet av september og gruppa vil kunne bli involvert fleire gonger med å hjelpe oss på rett veg.

Vedlagt er planprogram for arbeidet med kommunedelplan for helse, sosial og omorg. Planprogrammet er ei skildring av kva arbeidet skal gå ut på, korleis vi håpar å få gjennomført arbeidet og kva tema og innhald vi skal arbeide med.

Vi er takksame om ditt lag eller organisasjon ønsker å delta saman med i gruppa og bidra til eit godt utgangspunkt for å skape eit samansveisa og framtidretta Alver! Nokre av dykk kan ha fått denne invitasjon tidlegare, men er her samla.

Meld gjerne frå til oss at dykk vil delta så gjer det førebuinga meir oversiktleg. Har du spørsmål eller innspel tar vi gjerne i mot:

Epost [hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no](mailto:hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no)

Tlf 91 59 04 29

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og analyse

Hans Kristian Dolmen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

KDP HSO Planprogram 261120



**Mottakarar:**

Anders Olav Dale  
Anne K. Bognøy  
Arild Hagenes  
Björg Tveiten Skiftesvik  
Bjørn Gripsgård Knudsen  
Edas Kondrotas  
Edle Marie Kvamme  
Eileen Feste  
Helge Fjellanger  
Hildegunn Dalland  
June Iren Langøy  
Laila Tvedt  
Ling M. Aadahl  
Magnar Bjørn Klausen  
Magne Bjørndal  
Olaug Marie Tveit  
Olav Steinar Namtvedt  
Olav Steinsland  
Stig Krossøy Nordvik  
Svein Arne Vabø  
Terje Olav Olsen  
Torhild Skage Syslak  
Wenche Frantzen